

Korpssamling til terningskast 5+ eller 6+.

11.01.2016



Felleskorpset i øving

5 pluss: - eller kanskje 6 pluss, var svaret da nokre skulekorpsmusikantar fekk spørsmål om kva terningkast dei ville gje det som skjedde på korpssamlinga som var i helga. Svaret understrekar inntrykket som musikarar, dirigentar og foreldre frå både gjestene i Fitjar skulekorps og vertskorpset Uskedal skulemusikk hadde.



[Fitjar skulekorps øver.](#)

Det var tydeleg at alle hadde sett pris på besøket frå Fitjarkorpset, og også musikalsk gav seminarhelga ein flott start på vårsesongen.

- Det er veldig bra å få eit slikt seminar i starten på eit halvår med nytt repertoar, sa Uskedalen sin dugande og populære dirigent Tor Skeie Olsen etter avslutningskonserten søndag. Det gjev inspirasjon og eit ekstra puff. Også haustsesongen starta med ei korpssamling for skulemusikken. Då var det seminar saman med korpsa i Rosendal, på Tysnes og på Husnes i Rosendal.

Kjekt var det også å høyra at Fitjar-dirigent Svein Roger Koppang hadde god tru på Uskedal skulemusikk framover.

- Det som er så fint med Uskedalen er at dei er jamne i alder, og dei unge musikarane er verkeleg flinke, sa han mellom anna. Og det er verd å høyra på Koppang! At han har gjort ein formidabel jobb med Fitjar skulekorps gjennom 8 år, kunne alle som var på konserten høyra. Det er også lagt merke til av mange andre. I eit større portrett i avisa Sunnhordland nyleg vart han omtala som Meisterdirigenten!

Samlinga var ikkje berre musikk. Det var sosiale aktivitetar, nye venner, felles måletid, kjempekjekk laurdagskveld med quiz og mykje, mykje meir.

På [Fitjar skulekorps si heimeside](#) kan de lesa meir om samlinga og sjå fleire bilete. Der kan ein også bli betre kjent med aktiviteten i dette gode korpset frå Fitjar.



Uskedal skulemusikk, horn, tuba og slagverk.



Fitjar skulekorps grovmessing



Uskedal skulemusikk backrow cornets



Uskedal skulemusikk, baryton/euphonium



Felleskorpset.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Thor Skeie Olsen og Thor Inge Døssland.